

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISSJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2019/EØS/18/01

av 7. oktober 2013

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar

[meld under nummeret K(2013) 6383]

(2013/491/EU)(*)

EUROPAKOMMISSJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktumet og artikkel 6 nr. 5,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF⁽⁴⁾ er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) På grunnlag av meldingar frå Danmark, Tyskland, Spania, Frankrike, Italia og Det sameinte kongeriket bør postane for grensekontrollstasjonane i desse medlemsstatane endrast i den lista som er oppført i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.

- 3) Etter at tilsynstenesta til Kommissjonen (tidlegare kalla «inspeksjonstenesta til Kommissjonen»), Næringsmiddel- og veterinærkontoret (FVO), har utført tilfredsstillande revisjonar, kan det i lista i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF leggjast til fleire godkjeningskategoriar for fire grensekontrollstasjonar i Kroatia, og det bør leggjast til ein ny grensekontrollstasjon i London-Gateway i postane for Det sameinte kongeriket. Ettersom traktaten om tilmeldinga av Kroatia tok til å gjelde 1. juli 2013, og den førnemnde revisjonen vart gjennomført før denne dato, bør endringane for dei kroatisk grensekontrollstasjonane nyttast med tilbakeverkande kraft frå 1. juli 2013 for å sikre at det ikkje oppstår hindringar for den eksisterande handelen.
- 4) Polen har meldt frå om at grensekontrollstasjonen i Świnoujście bør strykast frå lista over postar for denne medlemsstaten. Lista over postar for denne medlemsstaten, slik det er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF, bør difor endrast.
- 5) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Den endringa som er fastsett i nr. 5 i vedlegget, skal nyttast med tilbakeverkande kraft frå 1. juli 2013.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 267 av 9.10.2013, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 63/2014 av 16. mai 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 63 av 30.10.2014, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

⁽²⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

⁽³⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

⁽⁴⁾ I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommissjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. oktober 2013.

For Kommisjonen

Tonio BORG

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

I vedlegg I til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I den delen som gjeld Danmark, skal posten for hamna i Esbjerg lyde:

«Esbjerg	DK EBJ 1	P	E D & F Man Terminals Denmark ApS	HC-NT(6), NHC- NT(4)(6)(11)»	
----------	----------	---	---	------------------------------------	--

2) I den delen som gjeld Tyskland, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for lufthamna Hannover-Langenhagen skal lyde:

«Hannover-Langenhagen	DE HAJ 4	A		HC-T(FR)(2), HC- NT(2), NHC(2)	O (10)»
-----------------------	----------	---	--	-----------------------------------	---------

b) Posten for lufthamna Schönefeld skal lyde:

«Schönefeld	DE SXF 4	A		HC(2), NHC	O»
-------------	----------	---	--	------------	----

3) I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for lufthamna i Barcelona skal lyde:

«Barcelona	ES BCN 4	A	Iberia	HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT(2)	O
			Swissport	HC(2), NHC(2)	O
			WFS	HC(2)»	

b) Posten for lufthamna i Madrid skal lyde:

«Madrid	ES MAD 4	A	Iberia	HC-T(FR)(2), HC- NT(2), NHC(2)	U, E, O
			Swissport	HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT(2)	O
			PER4	HC-T(CH)(2)	
			WFS: World Wide Flight Services	HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT	O»

4) I den delen som gjeld Frankrike, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for lufthamna i Marseille skal lyde:

«Marseille Aéroport	FR MRS 4	A		HC-T(CH)(1)(2), HC-NT»	
---------------------	----------	---	--	------------------------	--

b) Posten for hamna Réunion Port Réunion skal lyde:

«Réunion – Port Réunion	FR LPT 1	P		HC(1)(2), NHC-T(FR)(2), NHC-NT»	
----------------------------	----------	---	--	------------------------------------	--

c) Posten for lufthamna Orly skal lyde:

«Orly	FR ORY 4	A	SFS	HC-T(1)(2), HC-NT(2), NHC-NT»	
-------	----------	---	-----	----------------------------------	--

d) Posten for lufthamna Toulouse-Blagnac skal lyde:

«Toulouse-Blagnac	FR TLS 4	A		HC-T(1)(2), HC-NT(2), NHC(2)	O (14)»
-------------------	----------	---	--	---------------------------------	---------

5) I den delen som gjeld Kroatia, vert det gjort følgjande endringar:

a) Postane for Bajakovo (veg) og Karasovići (veg) skal lyde:

«Bajakovo	HR VUK 3	R		HC, NHC	U, E, O
Karasovići	HR KRS 3	R		HC(2), NHC(2)	O»

b) Postane for hamnene Ploče og Rijeka skal lyde:

«Ploče	HR PLE 1	P		HC(2), NHC(2)	
Rijeka	HR RJK 1	P		HC(2), NHC(2)»	

6) I den delen som gjeld Italia, skal posten for hamna i Venezia lyde:

«Venezia	IT VCE 1	P		HC, NHC»	
----------	----------	---	--	----------	--

7) I den delen som gjeld Polen, går posten for hamna Świnoujście ut.

8) I den delen som gjeld Det sameinte kongeriket, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for lufthamna Edinburgh skal lyde:

«Edinburgh	GB EDI 4	A	Extrordinair		O(14)»
------------	----------	---	--------------	--	--------

b) Mellom postane for hamna i Liverpool og lufthamna i Manchester vert følgjande post for ein ny grensekontrollstasjon i hamna London-Gateway lagd til:

«London Gateway	GB LGP 1	P		HC(1), NHC»	
--------------------	----------	---	--	-------------	--

c) Posten for lufthamna East Midlands skal lyde:

«East Midlands	GB EMA 4	A		HC-NT(1)(2), NHC-NT(2)»	
----------------	----------	---	--	-------------------------	--